

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 15.02.2017
Tid: Kl. 11:00
Stad: Administrasjonen, Sandane

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø og Hanne B. Oftedal. Olve Grotle kunne ikkje møte, Hege Lothe møtte som vara.
Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad og økonomisjef Janne Gimmestad
Referent: Inge Bent Arnestad

Leif Kilnes og Heidi Hjelmeland frå revisjonsfirmaet Deloitte deltok i samband med handsaming av sak 04/2017.
Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe ved Nordfjord Folkemuseum orienterte om gjennomførte oppgåver og prosjekt, aktivitetar og drift i 2016, samt planar for 2017.

SAKLISTE:

01/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2017: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 13.12.2016
03/2017: Orienteringar
04/2017: Årsrekneskap 2016
05/2017: Årsmelding 2016
06/2017: Budsjettsøknad 2018 til Norsk Kulturråd
07/2017: Søknad om statlege investeringsmidlar til museumsbygg
08/2017: Ymse

SAK 01/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 02/2017: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 13.12.2016.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøte 13.12.2016 vert godkjend

Vedtak:

Protokoll frå styremøtet 13.12.2016 vert godkjent

Samrøystes

SAK 03/2017: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 31.12.2016</u>	<u>Fordeling</u>	<u>korttid</u>	<u>langtid</u>
Eigenmelding	0,42 %		0,42%	0,00%
Sjukemelding	1,28 %		0,32%	0,96%
Borns sjukdom	0,09 %		0,09%	0,00%
Totalfråvær	1,79 %			

Totalfråvær i perioden 01.01.2017 - 31.01.2017 er 0,23% (langtids sjukmelding).

- **Besøksstatistikk 2016**

Besøk (sum alle gr.)	2012	2013	2014	2015	2016
DHS - Sogn Folkemuseum	19 131	14 512	13 774	13 810	23 500
Kystmuseet i Sogn og Fj.	8 474	9 003	9 837	7 875	6 265
Nordfjord Folkemuseum	6 765	7 795	7 716	9 352	9 611
Sunnfjord Museum	8 959	9 679	9 123	8 576	7 966
Sogn og Fj. Kunstmuseum	19 994	18 476	16 695	18 817	14 354
Norsk Kvernsteinsenter	-	793	977	2 403	2 332
SUM REGISTRERT	63 323	60 258	58 529	60 833	64 028

Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 31.12.2016

Kommentarar til besøksstatistikk

- **Status nye driftsavtalar mellom kommunane og MiSF**

- Informasjon om status

Administrasjonen følg opp dei kommunane som ikkje har handsama søknaden for avklaring.

- **Status SFJ søknad om statlege investeringsmidlar til prosjekt «Kløften»**

- Informasjon om status

Vedlegg: Skriv frå MiSF til søknad

Styret meiner det er viktig med tidleg avklaring og finansiering av auka driftskostnader, og ber administrasjonen følgje opp.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

Samrøystes

Saksansvarleg:

Janne Gimmestad/Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Den samla resultat- og balanserekneskapen med notar pr. 31.12.2016 for stiftinga vert med dette lagt fram for styret.

Rekneskapen er bokført etter felles mal og bokføringsprinsipp, både samla og på avdelingsnivå, gjennomgått og godkjent av avdelingsdirektørane.

For ikkje avslutta prosjekt er det avsett inntekter tilsvarande bokførte kostnader, noko som ikkje gjev utslag på det ordinære resultatet. På avslutta prosjekt vil positive/negative avvik mellom faktiske inntekter og faktiske kostnader påverke det ordinære resultatet.

Det samla rekneskapen syner eit årsresultat på kr 1.802.144,- som gjev eit positivt resultat på 2,7 %. Netto finanspostar var kr. 378.860,- mot 769.908,-året før.

Årets resultat er føreslege ført mot eigenkapital.

Nøkkeltal	År 2016	År 2015	År 2014	År 2013	År 2012
Samla offentl.tilskot	55 336 482	51 585 272	45 890 302	43 921 986	39 879 740
Samla lønskostnad	34 563 346	32 836 995	29 623 343	29 225 743	25 612 152
Andre driftskostnad	27 760 301	25 447 735	15 837 012	14 783 146	14 388 235
Eigenkapital	20 824 153	19 022 009	19 191 878	16 268 709	11 950 233

Samla offentlege tilskot til drift og prosjekt har frå 2015 til 2016 auka med 3,75 mill. (7,3%). Auken i tilskot utover ordinær løns- og prisvekst er mellom anna knytt opp mot øyremerka driftstilskot til Stiftelsen Måløyraid Senter og statlege gåveforsterkningsmidlar. Lønskostnadane har auka med 1,7 mill. (5,2 %) mens andre drifts-kostnadane har auka med i overkant av 2,3 mill. (9,0%).

I perioden frå konsolideringa i 2009 fram til og med 2016 har dei samla offentlege tilskota auka med 21,2 mill. (62,0%). I same periode har lønskostnadane i perioden auka med 14,9 mill. (76,2%) mens driftskostnadane har auka med 15,0 mill. (118,0%)

Rekneskapa for dei seks driftsavdelingane syner eit samla resultat i 2016 på kr. 3.387.987,- etter netto finanspostar. Dette gjev eit samla akkumulert resultat for driftsavdelingane i perioden 2009 til 2016 på 10,4 mill. kroner.

Avsette prosjektmidlar er balanseført og kjem i tillegg til akkumulert resultat.

Driftsavdeling	Resultat 2009-2014	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat akkumul.
Nordfjord Folkemuseum	2 013 952	-659 052	492 034	1 846 934
Kystmuseet i Sogn & Fjordane	-31 469	-679 038	1 017 424	306 917
Sunnfjord Museum	1 621 664	340 862	399 628	2 362 154
DHS-Sogn Folkemuseum	1 317 935	716 157	659 066	2 693 158
Sogn & Fjordane Kunstmuseum	1 178 751	-242 300	689 755	1 626 206
Norsk Kvernsteinsenter	1 169 113	292 404	130 080	1 591 597
Sum	7 269 946	-230 967	3 387 987	10 426 966

Alle avdelingane i MiSF står ovanfor kostnadskrevjande oppgåver og vedlikehaldsprosjekt som ikkje kan løysast utan å setje av driftsmidlar over fleire år.

Oppsparte disponible midlar blir sett av til bruk i 2017/2018:

- Nordfjord Folkemuseum Restaurering av Heggdalsloftet og ny fast utstilling
- Kystmuseet i Sogn og Fj. Restaurering antikvariske bygg
- Sunnfjord Museum Reparasjon/oppgradering administrasjonsbygg
- DHS-Sogn Folkemuseum Restaurering antikvariske bygg, garderobebygg handverkarar
- Sogn og Fj. Kunstmuseum Astruptunet, sikring bygg
- Norsk Kvernsteinsenter Utviklingsplan og driftsfasilitetar Kvernsteinparken

Desse prosjekta må i utgangspunktet finansierast/delfinansierast med oppsparte og ordinære driftsmidlar ved dei enkelte avdelingane.

Vedlegg: *Rekneskap 2016 med notar*
Avdelingsrekneskap 2016
Budsjett 2017 mot resultat 2016
Eigenkapitaloversikt, disponering av midlar

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt rekneskap for 2016

I samband med handsaming av saka, informerte revisjonen om interne rutinar og økonomistyring. Revisor var tilfreds med interne rutinar og kontroll, og det var ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i samband med revisjon av rekneskapen for 2016.

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt rekneskap for 2016

Samrøystes

SAK 05/2017: ÅRSMELDING 2016

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Framlagt utkast til styrets årsmelding for 2016 for Musea i Sogn og Fjordane er utarbeidd i nær dialog med avdelingane og revisor. Lov om rekneskap § 3-3 «Årsberetningens innhold for små foretak» er lagt til grunn for innhaldet og krav til offentleg årsrapportering.

Årsmelding for 2016 har ny form og disposisjon i forhold til føregåande år.

Som vedlegg til årsmeldinga følgjer ei samla framstilling av den faglege drifta i museet.

Den er utarbeidd med bakgrunn i rapportar frå avdelingane.

Vedlegg: *Utkast til styrets årsmelding for 2016*

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt årsmelding for 2016

Vedtak:

Styret for MiSF godkjenner framlagt årsmelding for 2016

Samrøystes

SAK 06/2017: BUDSJETTSØKNAD 2018 TIL NORSK KULTURRÅD

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Administrasjonen og avdelingsdirektørane har drøfta søknadsprosjekt til budsjettsøknad for 2018 med utgangspunkt i arbeidsbudsjett for 2017 og gjennomgått på leiarmøte 24.01.2017.

Økonomiske råmer:

Dei samla driftstilskota til MiSF i 2018 (oppgjevne i 2017 kroneverdi) er berekna til kr. 61,24 mill. med følgjande fordeling:

	År 2018	År 2017
• Stat:	kr. 38,86 mill.	kr. 35,51 mill.
• Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr. 15,16 mill.	kr. 14,36 mill.
• Kommunane:	kr. 7,21 mill.	kr. 6,61 mill.

Vurdering og konsekvensar ordinære driftstilskot

Driftstilskot 2017 er vidareført i budsjettsøknad for 2018 (i 2017 tall). Det er ikkje lagt inn endringar i fordelingsnøkkel mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale driftstilskot

Søknad om ekstraløyving / prosjekt til budsjettsøknad, prioritert liste

Søknadsprosjekt/ tiltaka:

- 1) Midlar til etablering og drift av fellesmagasin
- 2) Driftsmidlar til Måløyraidsenteret i Vågsøy
- 3) Midlar til forprosjekt verne/formidlingsbygg til Holvikejekta

Fellesmagasin:

Tiltak for å oppfylle basisoppgåver som er definert i strategiplanen innan samlingsforvaltning, forskning, formidling og fornying vil bli prioritert, og i tråd med kulturdepartementets føringar.

Måløyraidsenteret:

Tiltaket føreset ei konsolideringsavtale mellom MiSF og Stiftinga Måløyraid Senteret.

I samsvar med intensjonsavtala skal drifta vere fullfinansiert før drøftingar om konsolidering kan starte. Det ligg inne 0,6 mill. i statstilskot til drift av Måløyraidsenteret i 2017.

Holvikejekta:

På bakgrunn av dei faglege vurderingane, søker MiSF om prosjektmidlar til å få gjennomført tilrådingar frå Hardanger Fartøyvernssenter for val av restaurerings-/konserveringsnivå og krav til framtidig verne- og formidlingsbygg

Prioritering av prosjekt i budsjettsøknaden 2018 byggjer på eksisterande tiltak i tidlegare budsjettsøknader.

Søknadsbudsjett 2018 er i balanse, oppsummering av søknadsprosjekt følgjer som vedlegg. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal stå fram som ei samla eining, og både einskildtiltak og fellestiltak skal prioriterast i budsjettsøknaden. Tiltak for å styrke arbeidet innan all samlingsforvaltning skal prioriterast, dette gjeld i ulik grad alle avdelingane.

Vedlegg:

Søknadsbudsjett 2018 oppsummering

Prioriterte tiltak

Fordeling av offentlege tilskot

Budsjettkommentarar

Søknadsbudsjett på avdelingsnivå og spesifisert

Søknadsprosjekt beskriving

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2018

Hege Lothe la fram følgjande endringsforslag:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2018 med følgjande rangering av søknadsprosjekt/tiltak:

- 1) Midlar til etablering og drift av fellesmagasin
- 2) Midlar til forprosjekt verne/formidlingsbygg til Holvikejekta
- 3) Driftsmidlar til Måløyraidsenteret i Vågsøy

Etter drøftingar gjorde styret følgjande vedtak.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2018 med følgjande rangering av søknadsprosjekt/tiltak:

- 1) Midlar til etablering og drift av fellesmagasin
- 2) Midlar til forprosjekt verne/formidlingsbygg til Holvikejekta
- 3) Driftsmidlar til Måløyraidsenteret i Vågsøy

Samrøystes

SAK 07/2017: SØKNAD OM STATLEGE INVESTERINGSMIDLAR TIL MUSEUMSBYGG

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Viser til styresak 40/2016 Fellesmagasin – kjøp Ramstad Eskefabrikk:

«Styret vedtek å kjøpe Ramstad Eskefabrikk frå Ramstad Holding AS for kr. 11,8 mill. og samsvar med kjøpekontrakt og tilhøyrande dokument. Dokumentavgift på 2,5% og tinglysingsgebyr i samband med overdraging kjem i tillegg.»

MiSF overtok bygget den 16. januar 2017.

Utgifter til straum, forsikring og offentlege avgifter er lagt inn i vedteke driftsbudsjett for inneverande år.

Samla investeringskostnader for kjøp av bygg og tomt medrekna ombygging inkl. teknisk løysingar og inventar er berekna til 33,0 mill. kroner:

- | | |
|-----------------------|----------------|
| • Kulturdepartementet | kr. 11,0 mill. |
| • MiSF egenkapital | kr. 12,0 mill. |
| • MiSF låneopptak | kr. 10,0 mill. |

Driftskostnader i samsvar med Sak 06/2017 tiltak 1 er berekna til 3,75 mill. og dekka slik:

- | | |
|---|------------|
| • finansiert med egne driftsmidlar | 1,50 mill. |
| • finansiert med auka offentlege driftsmidlar | 2,25 mill. |

MiSF vil i løpet av våren 2017 starte planlegging av ei trinnvis utvikling av bygget.

